



Arvid Sæbø
Sæbøvågen 50
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12437 - 20/55965

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2020

Registrert avvik i septiktank .- gbnr 487/4 Sæbø Indre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 487/4
Tiltakshavar: Arvid Sæbø

Alver kommune har den 26.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 24.06.2020 vart registrert at det var lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sæbøvågen 50, 5938 Sæbøvågen. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Same tilstanden har vore rapportert frå Norva24 AS ved tømning i 2016 og i 2018. Tilstanden er ikkje utbeta.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstanden må utbeta. Frist for arbeidet vert sett til 10.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbeta forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Arvid Sæbø

Sæbøvågen 50

5938

SÆBØVÅGEN